

Hordaland fylkeskommune
v/ fylkesrådmann Rune Haugsdal

12. mars 2014

FORVALTNINGSREVISJON – forvaltningsrevisjon av itnærkontroll og HMT

Deloitte vil i samsvar med prosjektplan og bestilling frå kontrollutvalet sak 8/14, datert 17. 02.2014, starte opp forvaltningsrevisjon av internkontroll og HMT i Hordaland fylkeskommune.

Føremålet med prosjektet er å undersøke i kva grad Hordaland fylkeskommune har etablert eit overordna system for internkontroll, med eit særskilt fokus retta mot helse, miljø og tryggleik (HMT).


Revisjonen vil nytte dokumentanalyse, og intervju og ei spørjeundersøking for å få informasjon om fylkeskommunen sitt arbeid innan det aktuelle området.

Revisjonen vil ha fokus på korleis fylkeskommunen arbeider med internkontroll og kvalitetssystem generelt, og HMT arbeidet spesielt. Vi ber om at kommunen oppnemner ein eller fleire kontaktpersonar for forvaltningsrevisjonsprosjektet som Deloitte kan samarbeide med for å få tilgang til relevante dokument og organisering av intervju. Vi vil ta kontakt med den eller dei som blir oppnemnt for å få tilgang til relevant dokumentasjon.

Deloitte har også behov for tilgang til e-post liste over alle einingsleiarar som kan nyttast ved ei spørjeundersøking.

Eventuelle spørsmål om forvaltningsrevisjonsprosjektet kan rettast til prosjektleiar Birte Bjørkelo på tlf. 92898908, eller per e-post til bbjorkelo@deloitte.no

Med venleg helsing
Deloitte AS



Birte Bjørkelo
Prosjektleiar